



Les for livet-prosjektet i Suldal er godt i gang, og skulevurderingsinspektørar har vurdert og skrive rapport. Arkivfoto: Nora Bogetvedt Jenssen.

Sand skule bestod eksamen

Skular og barnehagar i Suldal er godt i gang med prosjektet "Les for livet". Arbeidet ved Sand skule er vurdert av eksterne skulevurderingsinspektørar og kom frå eksamen med gode karakterar.

Helga Møgedal

Det høyrdest ut som dei er nøgde, og det er veldig gledeleg at heile organisasjonen arbeider godt med prosjektet. Tilbakemeldingane syner at inspektørane oppfatar arbeidet vårt å vera målretta. Så; ja, rapporten er positiv, svarar ferierende rektor Randi Ese Ur.

Vidareføring

Som tidlegare skrive tildelte utdanningsdirektoratet 610 000 kroner for nåverande skuleår til Les for livet -prosjektet i 1.-4. klassetrinn ved Sand og Erfjord skular, i tillegg deltar barnehagane Randåsen, Joargarden og Stølane. Som vel og merke ikkje skal driva som barnehageskule, men stimulera språkutviklinga på barnehagane sine premisser, presiserer Eva Songe Paulsen ved rådmannskontoret. Suldal kjem til å søkja om 525 000 kroner for å vidareføra prosjektet neste år. Midlar Songe Paulsen har god tru på kjem.

Ei veke under lupa

Veke 38 besøkte dei tre skulevurderarane, saman med forskingsleiar Tanja Irene Tikkanen frå IRIS (tidlegare Rogalandforskning), Sand skule for å vurdere arbeidet som er gjort så langt. Ei lita veke studerte dei organisasjonen i funksjon med bakgrunn i organisasjonsprofilen dei hadde fått tilsendt og resultatet av den obliga-

toriske elevundersøkinga. Rapporten dei utarbeidde etter endt veke, baserte seg på observasjonar og intervju med rektor, elevar, foreldre og tilsette. Tanja Irene Tikkanen skal vera knytt til "Les for livet" heile prosjektperioden.

Nyttig verktøy

Nå er det opp til skulen å følgja opp signala dei fekk på område der gruppa registrerte forbettringspotensiale. Det er bra at ein slik rapport opnar for diskusjonar rundt dei pedagogiske prosessane: Kva gjer me? Og korleis gjer me ting? Alt med fokus på leseopplæring, forklarar Songe Paulsen som også er nøgd med all positiv tilbakemelding som vart Sand skule til del.

Todelt rapport

Rapporten er delt i ein ikkje offentleg del, rekna til intern bruk og ein del som vert lagt ut på nettet til allmenn opplysning. Den delen håpar Songe Paulsen alle skulane vil gjera seg nytte av i lese- og skriveopplæringa. Og bruka som verktøy når dei driv eigenvurdering som alle skular er pålagde å gjennomføra.

To målsetjingar

"Les for livet" har to uttrykte mål; eit pedagogisk og eit organisatorisk. Skulane skal ettersjå at dei har kompetanse og gode system for å driva lese- og språkundervising. Organisatorisk skal dei to arenaene, barnehagane og skulane, sikta mot større innsikt i korleis den andre part arbeider. –Direktoratet er svært opp-tatt av å byggja bru mellom to forskjellige kulturar, utdjuvar Songe Paulsen.

Følg arbeidet vidare på www.minskule.no/lesforlivet